

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 30.11.05 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Marion Langhelle Pedersen

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Avd. ing. Knut Steinsland var med under synfaringa og ved handsaming av sak 54/05
Einingsleiar Sverresvold og adm.sjef Ramsli var med på møtet.

Merknader:

Øyvind Røen kom til under handsaming av sak 54/05

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. desember 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Veglys – Det vart spurt om kva praksis kommunen har i høve til skifting av lyspærer. Mange stadar er det f.t. svært mange pærer som ikkje lyser.

Adm.sjefen orienterte om at det ikkje var føreteke endringar i tidlegare praksis, og at det føregjekk arbeid som normalt. Budsjettet til eininga på aktuelle postar vart auka opp då det viste seg uråd å få ned kostnaden slik det var føresett i budsjettet, men at budsjettet fortsatt er stramt.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- ✓ Arbeidet med reguleringsplan for Bjørkheim. Skriv frå adv. Heldal vart utlevert. Utvalet ønskte å drøfta saka i neste møte, for så å ta stilling til kva evt. alternativ som skal utgreiast vidare.
- ✓ Motorferdsel i utmark. Notat frå Stenerud knytt til ein søknad om løyve å driva leigekjøring med snøscooter vart utlevert og orientert om. Det vil verta utarbeidd eige sak. Administrasjonen vert beden om å innhenta opplysningar frå andre kommunar om deira praksis i slike saker.
- ✓ Det vart orientert om vedtaket knytt til oppført naust i Hagamulen.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0054/05	05/00270 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR "SMÅBYGG" PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 I TRENGER
0055/05	05/00252 KLAGE PÅ AVSLAG OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.44 BNR.70 GAUPHOLM
0056/05	05/00256 BYGGJESAK NAUST GNR 23, BNR 20. SØKNAD OM DISPENSASJON FOR NAUST
0057/05	05/00351 DELING AV GRUNNEIGEDOM- GNR/BNR 40/28
0058/05	05/00403 DELINGSSAK GNR 17, BNR 5.

0054/05

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR "SMÅBYGG" PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 I TRENGEREIDFJORD

Framlegg til vedtak::

Det er ikkje opplyst særlege grunnar som tilseiar at dispensasjon frå Plan og bygningslova § 17-2 forbud mot bygging i 100m beltet langs sjø, kan gjevast.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 74,93 og 95 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for anneks og badehus. Tidlegare oppført gjestehus og uthus kan stå, men det er ikkje lov å nytta gjestehuset som opphald for personar, dvs at det kan nyttast til uthus.

For å sikra tilkomst til innanforliggende eigedomar skal utlagd brygge fjernast eller plasserast langs stranda og ikkje som pir ut i bukta.

Med heimel i plan og bygningslova § 113 vert det kravd at anneks og badehus vert revet.

Rivinga skal vera utført innan 31.mai 2006.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Det vart teke synfaring på plassen. Son til heimelshavar var til stades på synfaringa.

Janne Drevsjø sette fram slikt framlegg:

Som fylgje av opplysningar frå søkjar om at delar av bygningane skal nyttast av funksjonshemma finn ein at det ligg føre særleg grunn som tilseiar at det kan gjevast dispensasjon frå Plan- og bygningslova paragraf 17 – 2 forbod mot bygging i 100 m beltet.

Tidlegare oppført anneks, gjestehus og uthus kan stå.

For å sikra tilkomst til innanforliggende eigedomar skal utlagd brygge fjernast eller plasserast langs stranda og ikkje som pir ut i bukta.

Med heimel i plan og bygningslova § 113 vert det kravd at badehus vert reve. Rivinga skal vera utført innan 31.mai 2006.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Som administrasjonen sitt framlegg til vedtak med denne endringa

- i første avsnitt vert 3. setning endra til : Tidlegare oppført gjestehus og uthus kan stå.

Det vart **røysta** over tre framlegg:

Ingen røysta for framlegget frå administrasjonssjefen.

3 røysta for framlegget frå Janne Drevsjø.

3 røysta for framlegget frå Sture Tveit.

Leiaren røysta for framlegget frå Sture Tveit, dermed vart dette framlegget vedteke.

Vedtak:

Det er ikkje opplyst særlege grunnar som tilseiar at dispensasjon frå Plan og bygningslova § 17-2 forbod mot bygging i 100m beltet langs sjø, kan gjevast.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 74,93 og 95 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for anneks og badehus. Tidlegare oppført gjestehus og uthus kan stå.

For å sikra tilkomst til innanforliggende eigedomar skal utlagd brygge fjernast eller plasserast langs stranda og ikkje som pir ut i bukta.

Med heimel i plan og bygningslova § 113 vert det kravd at anneks og badehus vert revet.

Rivinga skal vera utført innan 31.mai 2006.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0055/05

**KLAGE PÅ AVSLAG OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.44 BNR.70
GAUPHOLM**

Framlegg til vedtak::

Klaga vert teken til fylgje. Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. § 17-2 forbod mot frådelling og bygging i 100m beltet langs sjø, for bygging av naust.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.44 bnr.70 Gaupholm. Naustet skal utformast i samsvar med utgreiing i saksprotokoll for sak 42/05. Før bygging startar skal teknisk eining godkjenna endra tegningar.

Det er ikkje tillate å innreia naustet til anna bruk enn sjø- og fiskerelatert verksemd. Det vil seia at det ikkje er lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klaga vert teken til fylgje. Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. § 17-2 forbod mot frådelling og bygging i 100m beltet langs sjø, for bygging av naust.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.44 bnr.70 Gaupholm. Naustet skal utformast i samsvar med utgreiing i saksprotokoll for sak 42/05. Før bygging startar skal teknisk eining godkjenna endra tegningar.

Det er ikkje tillate å innreia naustet til anna bruk enn sjø- og fiskerelatert verksemd. Det vil seia at det ikkje er lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0056/05

**BYGGJESAK NAUST GNR 23, BNR 20.
SØKNAD OM DISPENSASJON FOR NAUST**

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.23 bnr.20 Aldalen.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.23.10.05, det vert godkjent naust med 10m lengde. Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det. Dvs. at det ikkje er lov å innreia for overnatting. Det er ikkje tillate å innreia naustet til anna bruk enn sjø- og fiskerelatert verksemd.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.23 bnr.20 Aldalen.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.23.10.05, det vert godkjent naust med 10m lengde. Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det. Dvs. at det ikkje er lov å innreia for overnatting. Det er ikkje tillate å innreia naustet til anna bruk enn sjø- og fiskerelatert verksemd.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0057/05

DELING AV GRUNNEIGEDOM- GNR/BNR 40/28

Framlegg til vedtak::

Det vert med heimel i plan og bygningsloven §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/28 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/28 og 29.

Det vert med heimel i jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/28 i Samananger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/28 og 29.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert med heimel i plan og bygningsloven §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/28 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/28 og 29.

Det vert med heimel i jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/28 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/28 og 29.

0058/05

DELINGSSAK GNR 17, BNR 5.**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter § 7 og 63 i plan og bygningslova gjeve løyve til å dela bustadhuset med ei tuft på om lag 1,5 daa frå gnr/bnr 17/5 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela eksisterande bustadhus, med ei tuft på om lag 1,5 daa, frå gnr/bnr 17/5 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert etter § 7 og 63 i plan og bygningslova gjeve løyve til å dela bustadhuset med ei tuft på om lag 1,5 daa frå gnr/bnr 17/5 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela eksisterande bustadhus, med ei tuft på om lag 1,5 daa, frå gnr/bnr 17/5 i Samnanger kommune.